



Regionsvise arkivplansamlingar hausten 2014

Det er no gått ei tid sidan vi sist var samla med fokus på arkivplan. I tida som har gått er det fleire kommunar som har kome i mål med arkivplan. Fått den ferdigstilt, aktivisert og periodisert. Gratulere til doke! Vi veit og at det vert jobba meir eller mindre med arkivplan i mange av kommunane. Endringar i den kommunale kvardagen skjer heile vegen og det er viktig at vi fortsatt held fokus på oppdatering og revidering av arkivplan. Den skal jo til ei kvar tid vere ajourført!

I den forbindelse planlegg vi regionsvise samlingar i løpet av hausten 2014.

Merk av i kalenderen alt no!

| Region | Kommunar | Stad | Dato | Kl |
|---------------------|---|-----------|--------|-------|
| Værnesregion | Frosta, Malvik, Meråker, Selbu, Stjørdal, Tydal | Stjørdal | 25.09. | 10-15 |
| Fosenregion | Bjugn, Leksvik, Osen, Roan, Rissa, Ørland, Åfjord | Åfjord | 07.10. | 10-15 |
| Indre Namdalsregion | Grong, Høylandet, Lierne, Namsskogan, Rørvik, Snåsa | Grong | 23.10. | 10-15 |
| Fjellregion | Holtålen, Klæbu, Melhus, Midtre Gauldal, Oppdal, Os, Rennebu, Røros | Støren | 06.11. | 10-15 |
| Orkdalsregion | Agdenes, Frøya, Hemne, Hitra, Meldal, Orkdal, Skaun, Snillfjord, Trondheim, Sør-Trøndelag Fylkeskommune | Orkanger | 20.11. | 10-15 |
| Region Nord | Inderøy, Levanger, Steinkjer, Verdal, Verran, Nord-Trøndelag Fylkeskommune | Steinkjer | 04.12. | 10-15 |

Vi treng hjelp frå doke til tema for samlingane. Vi ønsker innspel og «bestilling» frå kvar og ein av doke. Kva ønsker de at vi tek opp /har fokus på? De veit kvar skoen trykker og vi er opne for så å sei kva det skulle vere vedrørande likt og ulikt rundt arkivplan. Ikke noko problemstilling eller spørsmål er i utgangspunktet for lite eller for stort til å ta opp. Det ein av doke lurer på er det sikkert andre og som lurer på. Meddel, meddel («mayday, mayday»)! Eventuelle innspel og «bestilling» på ønske om tema kan de kome med umiddelbart.

Eg ser fram til å høyre frå doke og vonar at dei datoane vi har satt opp passer for flest mogleg. Vi kjem attende med meir informasjon når det nærmar seg samlingane.

Ha ein fin somardag vidare.

Venleg helsing

Svnnøve Wiseth

Rådgjevar

e-post: synnove.wiseth@ika-trondelag.no

Telefon: 948 26 107

